

---

Saknr: 2020/278-2  
Saksbehandlar: Signe Rauboti

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2020

**Fråsegn i samband med oppløysing av stiftinga Messen kunst- og kulturhus og utdeling av attståande verdiar****Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet støttar ei oppløysing av stiftinga Messen kunst- og kulturhus og godkjenner utdeling av attståande midlar til Kunstnarhuset Messen

**Samandrag**

Styret i stiftinga Messen kunst- og kulturhus har vedteke å oppløyse stiftinga og at attståande midlar i stiftinga skal utdelast til Kunstnarhuset Messen. Vestland fylkeskommune har overteke ansvaret som låg til Hordaland fylkeskommune som opprettar av stiftinga, og skal gje fråsegn i samband med oppløysinga og godkjenne utdelinga av attståande midlar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegg er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Styret i stiftinga Messen kunst- og kulturhus har vedteke å oppløyse stiftinga og at attståande midlar i stiftinga skal utdelast til Kunstnarhuset Messen (foreining/lag/innretning, ifølgje Einingsregisteret).

Vedtaket vart gjort i styremøte 16.01.19 og vedtaket som gjeld oppløysing har følgjande ordlyd:

*«a) Oppløysing av Stiftinga Messen kunst- og kulturhus vart einstemmig godkjent ved 2. gongs vedtak. Fyrstegongs vedtak vart gjort 14. november 2017.*

*2) Styret i Stiftinga innstiller til at alle aktiva i Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus, vert overdrege til organisasjonen Kunstnarhuset Messen. Det vil seie eigedom, grunnkapitalen og aktuelle tilskot Stiftinga har til oppgradering og vedlikehald av Messen.*

*c) Styret har valt eit avviklingsstyre på 5 personar som er dei same som har vore i styret for Stiftinga Messen Kunst- og Kulturhus. Det er: Toralv Mikkelsen, Solfrid Borge Leiv Anders Vambheim, Venche Lisbeth Jensen og Solfrid Aksnes.*

*c) Avviklingstyret ber revisor, Bjørn Christian Laupsa, om å setje i gang prosessen med formalitetane for å oppløyse Stiftinga og om å ta formell kontakt med stiftarane.*

*d) Styret ber om at grunnkapitalen på kr. 220.000 går til kostnadane for avvikling av Stiftinga, dekking av eit driftsunderskot i 2018-2019, og at eventuell rest av grunnkapitalen vert overdrege til Kunstnarhuset Messen som vert ny eigar av eigedomen.»*

Ifølgje informasjon tilgjengeleg i Stiftelsesregisteret hadde stiftinga ein eigenkapital på 1 862 000 kr i 2018. I styremøtet 16.01.19 vart det orientert om den økonomiske stoda i stiftinga. Stiftinga hadde denne datoen 102 528 kr på konto. Midlane er øyremerka tilskot til gjennomført oppgradering. Vidare hadde stiftinga på denne datoen uteståande tilskot på 200 000 kr frå Sparebankstiftinga Hardanger, øyremerka byte av vindauge og vedlikehald og måling utvendig.

Før det vert gjort vedtak om omdanning eller oppløysing, skal det innhentast fråsegn frå opprettarar, jf. stiftl. § 49. Opprettarane er her Kvam Herad, Hordaland fylkeskommune og Hardangerrådet.

Mynde til å vedta oppløysing ligg, jf. vedtektene § 11, til styret i stiftinga. Stiftelsestilsynet skal seinare prøve om vedtaket er i samsvar med lov om stiftingar og vedtektene, jf. stiftl. § 51.

Ei utdeling av stiftinga sine attståande verdiar ved oppløysing krev, ifølgje vedtektene § 11, godkjenning frå opprettarane av stiftinga. Vedtektene § 11 fastset vidare at attståande verdiar i stiftinga Messen kunst- og kulturhus skal gå til eit kulturføremål i Hardanger.

For Hordaland fylkeskommune sin del ligg ansvaret, både for å uttale seg og for å godkjenne utdelinga, frå 01.01.20 hjå Vestland fylkeskommune.

Etter lov om stiftingar (stiftl.) § 19 skal utdeling av midlane i ei stifting vere i samsvar med stiftinga sitt føremål. Utdeling kan ikkje skje til opprettar.

Stiftinga Messen kunst- og kulturhus har ifølgje vedtektene § 2 til føremål å ivareta eigaroppgåvene til nettopp Messen kunst- og kulturhus, drive med utleige til Kunstnarhuset Messen og andre verksemder innanfor kulturbasert næring (også frivillige lag i Ålvik), og medverke til positiv utvikling innan kunst- og kulturfeltet for Hardanger og Hordaland.

Kunstnarhuset Messen driftar kunstnarhuset Messen og skal m.a. legge til rette arbeidsplassar for kunstnarar og utvikle kunstnarhuset som fyrtårn og knutepunkt for kunstlivet i Hardanger.

Stiftinga sine vedtekter er tilgjengelege her:

<https://lottstift.no/stiftelsesregisteret/UploadFile/999541402.PDF?rand=367>

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

### **Vurderingar og verknader**

Fylkesrådmannen si vurdering er at den vedtekne utdelinga av attståande verdiar er i tråd med stiftinga sitt føremål og med vedtektene § 11. Fylkesrådmannen kan vidare ikkje sjå at det gjer seg gjeldande nemneverdige omsyn som talar imot ei oppløysing av stiftinga.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### **Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å støtte ei oppløysing av stiftinga Messen kunst- og kulturhus og godkjenne ei utdeling av attståande midlar til Kunstnarhuset Messen.